

# Tidens løsen

Danseslåttar etter Ole Blø, Midsund i Romsdal



JORUN MARIE KVERNBERG & ØYVIND SANDUM





- 01 Reinlender e. Ole Veltå 2:14
- 02 Amerikanaren 3:00
- 03 Tidens løsen 1:45
- 04 Reinlender e. Iver Hoksnes 2:35
- 05 Masurka e. Iver Bjørnerem 1:49
- 06 Hamburger 3:04
- 07 Stokkviken 2:52
- 08 Trondhjemmer'n 3:27
- 09 Kokkevalsens 2:26
- 10 Dongeryguten 2:35
- 11 Springpolka e. Iver Bjørnerem 2:14
- 12 Skotsk e. Ole Veltå 2:39
- 13 Friar'n 2:01
- 14 Lirekasselåten 2:45
- 15 Kvennhusgubben 2:25
- 16 Bakke-Pedervalsen 2:07



Ole Blø.

## DANSESLÅTTAR ETTER OLE BLØ

Denne plata inneheld eit knippe av dei mange danseslåttane spelemannen Ole P. Blø (1920–2010) hadde på repertoaret. Ole vaks opp på garden Blø på Midøya, som ligg i øykommunen Midsund – ytst i Romsdalsfjorden. Han vaks opp med eit rikt spelemannsmiljø rundt seg. Det var gamaldans som var musikk her på den tida, og den fylgde bygdefolket til dans, i bryllaup og som underhaldning.

Då Ole var liten, var det forbode å ta i den verdfulle fela som faren Peder (Peder Olsen Blø, 1883–1957) åtte. Men vinteren 1930 var faren ute på fiske heilt til utpå våren, og ti-åringen Ole sneik seg til å lære seg på fela litt etter litt. Bestemora Ane Marta (Ane Marta Pettersdotter Blø, 1860–1944) hørde den ungen guten prøve seg fram på fela. Ho var sterkt religiøs og meinte fela var eit syndens instrument. Men musikalsk som ho var, greidde ho ikkje å la vere å rette på tonane og hjelpe han på veg. Då våren kom og fiskarane kom attende, hadde Ole lært seg såpass at faren gav han lov til å halde fram med fela. Og Peder vart sidan Ole sin felelærer og spelekamerat livet ut. Sidan kom Ole i hop med mange spelemenn, og trekkspelaren Jonas Nygård var hans faste makker på trekkspel. Dei to laga mykje god musikk saman, både til dans og underhaldning i lokalmiljøet.

I dag ser me gjerne på øysamfunn som isolerte. Før var det nettopp på havet at dei

viktigaste ferdselsårene gjekk. Ole fortalde at seglskuter kom inn til øyene og kunne ligge verfaste i vekevis. Folket om bord drog med seg andre kulturar og ny musikk frå andre bygdelag. Inne i fjordbotnane kom dette mykje seinare. Ole fortalde også at det kom mange avrigga seglskuter, lekerar, frå Bergen og Stavanger og andre stader, på siste halvdel av 1800-talet. Dei skulle hauste av havets sølv, silda. Om bord var det ofte mange spelemenn. Likeins for bygdefolket sjølv både sør- og nordover på fiske, og dei tok med seg meir enn fisk heimatt. Slik kom dei moderne dansetypene, runddansen, tidleg til øyene.

Ole jobba som fiskarbonden – med fela som ein livslang fylgjesven:

«Felå he betydd førferdele mykje før me. I ha haft ho te selskap når i e åtleine, he gått og tydd te felen og te ho fram. Det he hendt se at i he gått inn tå arbeid når det he komme før me ein slått, –na må i prøve! I he gått inn eins ærend, men det va før. Men den dag i dag he i felå liggandes på borda, og i klunka på ho av og te, når det kjem før me at 'na sku i ha prøft. Det kjem dettandes sånne gamle melodia som du he haurt ein gong.

I vel sæ det at ho he betydd alt før me. I angra ikkje ein dag på at i bynte mæ felen. Nei, tvert i mot so e i glad fær det. I e glad ti felen! Hehe! Ja, i e det. So ho fer følgje me te siste dag.» (Frå intervju i 2007)

## HISTORIA OM MITT MØTE MED OLE BLØ

er historia om korleis eg igjen vart glad i gamaldansen. Gamaldansslåttane hadde fylgt meg frå barndomen, hand i hand med bygdedansslåttane. Men etter kvart som eg vaks til, fekk eg høyre at det var det eldste stoffet som hadde verkeleg verdi. Som ung student for eg ut på mi første innsamlingsferd med denne ballasten. Spelemenn som hadde vakse opp med berre eit vagt minne av dei eldste slåtte-typane, vart likevel spurde mest om desse, medan gamaldansen vart nissen på lasset som eg måtte samle inn for syns skuld. Desse evinnelege treklangbrytningane var for meg identitetslause; dei same melodiane gjekk att i ulike taktartar og tempo.

Det var sikkert i jakta på ein retteleg sær-eigen springdans at eg fekk tak i ein kasset med opptak av spelemannen Ole Blø. Dei få springarane hans var litt kuriøse med taktbrot og ei nokså fri rytme. Ole sjølv hadde aldri spelt springar til dans og kunne berre hugse å ha sett springaren bli dansa ein einaste gong.

Springaropptaka med Ole Blø fordjupa eg meg ikkje vidare i. Men på den same kassetten var det eit hav av gamaldansslåttar spelt på ein måte eg aldri hadde høyr t før. Her var det

dansetakta som stod i sentrum. Klangen var sprø og luftig, og spelemannen var raus med trillar, glissandoar og posisjonsspel. Så leikent spela han, at ein skulle tru det var ein gutunge som aldri hadde hatt ein skuggefull dag i sitt liv. Men Ole Blø var altså 63 år på dette opptaket, og då eg treffe han som 83-åring i 2003 var det med den same leiken og gnisten. Felefingrane spratt og glei opp og ned gripebrettet, om enn dei ikkje lydte spelemannen fullt ut lengre.

Mange av slåttane etter Ole Blø har eit lite avvik, ein liten tone som skiplar det harmonisk logiske, eller ei takt ekstra som bryt symmetrien. Slåttane er teknisk utfordrande, mellom anna går dei aller fleste melodiane oppover fele-halsen ein eller fleire gonger. Med Ole sin heilstøypte måte å utføre slåttane på fekk eg også ein heil spelestil eg kunne strekkje meg etter. Gamaldansen hadde eg før sett på som nokså fastlåst, standardisert og enkel. Med Ole sin musikk opna det seg ei ny verd – på vegen vart eg igjen glad i gamaldansen.

På vegen fekk eg også ein god ven og eit stort førebilete. Eg håpar at nokre av Ole sine trillar, glissandoar og lette strøk lever vidare i spelet mitt.

JORUN MARIE



Jorun Marie Kvernberg (f. 1979) er frå Fræna i Romsdal, busett i Volda. Jorun Marie har eit fireårig kandidatstudium i utøvande folkemusikk frå Norges Musikkhøgskole. Jorun Marie lever som fulltids frilans-folkemusikar, mellom anna som solist og med *Majorstuen*, *Tindra* og *Unni Boksasp Ensemble*.

\*

Øyvind Sandum (f. 1982) er frå Lalm i Vågå, busett på Oppdal. Øyvind har toårig spelemannsskule frå Ole Bull-Akademiet på Voss. Han jobbar til dagleg som barneskulelærer, men er ein sær aktiv og attraktiv spelemann, som solist og med gruppene *Nordafjells* og *Sol i skuggeskog* med fleire.

\*

Duoen spelar også saman på Jorun Marie Kvernberg sin solodebut, *Album*, frå 2006 (ta:lik TA33CD).



### 01 Reinlender – etter Ole Veltå

---

Mange av Ole Blø sine slåttar går tilbake til Ole Veltå (Ole Heggdal, 1855–1941). Han var ofte på besøk på Blø-garden. Ole hugsa godt det store kvite skjegget og kor han skråla, prata og spela. Ole Veltå var ein karakter i lokalsamfunnet. Han spelte ikkje så fint, sa Ole Blø, men støtt, reint og nøyaktig – og med ei god dansetakt. I sin ungdom rodde han heilt til Ålesund for å gå i lære hjå P. M. Bolstad.

### 02 Amerikanaren – av Kristen Knutson Villa

---

Tresfjordspelemannen Linsetvoll-Kristen (Kristen Knutson Villa, 1853–?) utvandra til Amerika i 1880. Der fekk han ei dotter som vart pianist, og dei to reiste rundt på restaurantar og hotell og spelte. Men han var framleis norsk statsborgar, og hadde ikkje gjort ferdig militærteneesta si i fedrelandet. I den spente situasjonen mellom Noreg og Sverige 1903–05, vart Kristen difor kalla heim frå Amerika til eksersis på Setnesmoen i Rauma. På heimveg over havet komponerte han *Amerikanaren*. På Setnesmoen møtte han Peder O. Blø (1883–1957), far til Ole, som mellom anna fekk lære seg nettopp denne valsen.

### 03 Tidens løsen – av P. M. Bolstad

---

Per Mathiasen Bolstad (1833–1910) var frå Stryn, men levde det meste av livet sitt i Ålesund. Han var far til den endå meir kjende slåttekomponisten og musikaren Per Bolstad (1875–1967). I 1875 kom P. M. Bolstad til Midøya for å spele i bryllaupet til Mats Bjørnerem. Det var stor stas, for dette var første gongen ein utanbygds spelemann var leigd inn der omkring. «Det var det dei kalla for ein seierssong, å ha slike berømtheiter til å spele då veit du» fortalde Ole. Bolstad sin eigen komposisjon *Tidens Løsen* vart spelt der i bryllaupet og vart reine farsotten etterpå. Tradisjonen tru har den endra seg noko på vegen frå originalen. Tidens løsen – slik gjer ein det no til dags!

### 04 Reinlender – etter Iver Hoksnes

---

Felespelaren Innjer-Nils (Nils L. Rakvåg 1887–1982) meinte at Iver Hoksnes (1869–1940) var den beste spelemannen i ytre Romsdal i si tid. Han kom frå Gossen i Aukra kommune og lærte å spele fele av far sin, Remma-Ola (Ole Mathias Hoksnes, 1835–1928). Han var ein flink dansespelemann og notekunnig musikar. Han brukte elles mykje av fritida på trearbeid. Dette resulterte mellom anna i ei flott dobbel-pedalharpe som han brukte tjue år på!

Denne gode reinlenderen kom til Otrøya då Iver spelte han i bryllaupet til spelemannen Nils på Vollå i 1918 (Nils K. Rakvåg, 1890–1966).

### 05 Masurka – etter Iver Bjørnerem

---

Iver Bjørnerem (1878–?) spelte både fele og klarinett og skifta mellom dei to etter som det høvde. Iver hadde lært å spele meir avansert enn det som var vanleg den tida, og fekk fela til å yte sitt beste. I sine unge dagar slo han seg saman med ein avdanka, tysk fiolinist som før rundt med småhandel. Hjå han lærte Iver både posisjonsspel og anna som vanlege bygdespelemenn elles ikkje beherska. Iver vart sidan skreddar og flytta til Ulsteinvik.

Både denne masurkaen og ein reinlender etter Iver har blitt kalla *Bjørneremingen*.

### 06 Hamburger

---

«Det va i grunn den likaste musikktida mi, i lag med han Jonas der. Nokon so ha noko bedre øyre for musikk enn han Jonas der, det... Han va fenomenal!» Slik skildrar Ole Blø trekkspelaren Jonas Nygård (1913–1988). Ole og Jonas spelte veldig mykje saman, og denne hamborgaren var ein av favorittane til duoen. «Om du spelte ein slått for han som han ikkje kunne, så va det ikkje lenge før han improviserte på trekkspel. Han kom med ei obligat- eller ei annenstemme då, so... –han va god, ja!»



Ole Veltå.

### 07 Stokkviken – etter Ole Veltå

---

Ole Veltå og klarinettisten Nils Kjøpstad (1863–?) frå Tresfjord kom i lag frå bryllaupsspelning uti Sandøy, og dei drog storfæringen i land i Stokkvika på Otrøya. Der dreiv Tange-Knut og slo med ljå, og karane gjekk oppåt han og spelte ein ny vals dei hadde lært seg i bryllaupet. Tange-Knut sat berre og nikka og hørde, og då dei var ferdige, sa han: «Ta e i all' fall den finaste slått i he haurt! I trur me kalla 'n fær Stokkviken.»

## 08 Trondhjemmer'n

– etter Iver A. Ræstad og Andreas M. Orvik

Denne slageren kom til Midsund med to ulike spelemenn omtrent på same tid. Myran (Iver Andreas Ræstad, 1865–1938) tok han med frå Trøndelag og kalla slåtten for *Trondhjemmer'n*, medan Bakken-Andreas (Andreas M. Orvik, 1878–1967) hadde han med seg frå vaktteneste ved svenskegrensa i 1905. Bakken-Andreas var millitærmusikar på klarinett og hadde slåtten etter nokre bergenserar som plystra på denne natt og dag. Bergensarane var av det tøffe slaget – dei som vanlegvis hang på ku-torget i Bergen. Slåtten vart difor også kalla *Kutarvingen* eller *Kutarvguten* i Midsund.

## 09 Kokkevalsen – etter Knut A. Tangen

Knut i Tangå (Knut Andreas Tangen, 1857–1944) var ein mykje nytta spelemann. Ein gong vart han spurt om kor mange bryllaup han hadde spelt i: «Det he i ikkje nåkkå tal på. Men ein teng e sekkert, at i he spela menst honder jule i Ona!», sa han Knut.

Då Knut vart gamal og slutta med yrkesfiske, for han og dei andre gamlekarane ut med «røkkja» (pilkesnøre) ut i øyane. Vart det for hard sjø, måtte dei gå til lands med småbåtane sine, og då spelte Knut gjerne fele til alle kokkedamene som arbeidde der. Ungtausene var huga å danse, særleg om Knut spelte *Kokkevalsen* til dei. Valsen går opphavleg i d-dur, men me la om tonearten for at Øyvind skulle kunne spele på sin russiske b-ess-toradar.

## 10 Dongeryguten

Første gongen ein ny slått vart introdusert, ved kva høve og av kven, er ofte viktige ingrediensar i Ole Blø sine spelemannshistorier. Det seier oss kanskje noko om at ein god slått var verdfull; det var verd å hugse opphavet og korleis slåtten kom til øyriket.

*Dongeryguten* kom til øya med ein ukjend spelemann i 1926. Det var første gongen det var ungdomsstemme på Otrøya, og denne framandkaren kom med dongeriklede frå topp til tå. Dette var klesplagg som bygdefolket aldri hadde sett før. Under dansen spelte han mellom anna denne

slåtten som folk vart sær oppglødde over. Ikkje prata han med folk, ikkje visste dei kor han losjerte og ikkje visste dei noko om han. Den mystiske mannen og slåtten hans heitte sidan berre *Dongeryguten*.

## 11 Springpolka – etter Iver Bjørmerem

Då Iver Bjørmerem gifta seg, fekk han pietismen med på kjøpet og slutta å spele fele. Ein gong han kom på ein fest i heimbygda, spurde dei om han ikkje ville ta ein slått, men han drog på det. Då kom kona bort og sa: Kan skjønne du må ta ein slått når kompisane dine ber om det! Gamlekarane som stod utanfor slo seg på hælen og sprang inn med ein gong dei kjende att Iver sin særeigne tone frå danselokalet: «No, kara, e det han Iver so spela!»

## 12 Skotsk – etter Ole Veltå

Ein gong Ole Veltå kom frå eit bryllup på Sandøya, hadde folk møtt opp for å frette nytt. Men Ole var dussemang, – mutt og misnøgd. På Sandøya var dei moderne og hadde gått vekk frå gamle tradisjonar. Hopmat, det at fleire åt frå same fat, hadde dei slutta med. Likeins var den tradisjonelle ølbollen bytta ut med glas, og Ole var slett ikkje nøgd med skjenken han hadde fått som spelemann. «I trudde det i, farr, at Sandøyingan skulle vete kor det va å dra båt på tørre lunna!», sa Ole til sist.

## 13 Friar'n – etter Peder Blø

*Friar'n* lærte Ole Blø av far sin, Peder Blø. På Nordmøre vart visst denne reinlenderen kalla for *Utpå-kar'n*, og det var ein kar som ofte gjekk på lofta til jentene. Eit slags nordmørsk frieri utan forpliktingar, kanskje?

Ole Blø lærte elles det meste av repertoaret sitt frå far sin. På søndagskveldane kom det ofte folk til Bløgarden, for der visste dei det var musikk. Ole spelte førstefele og Peder andrefele, og somme tider kom ein slekting eller nabo og la til gitarkomp.

## 14 Lirekasseslåtten – etter Ole Veltå

Ole Veltå introduserte alltid denne valsen slik: «Lirekasseslåtten min, farr, ska i spille!». Opphavet er ikkje heilt sikkert, men Ole Blø trudde Veltå hadde lært han av ein som tralla han – som igjen hadde slåtten etter ei lirekasse.

## 15 Kvennhusgubben – etter Iver A. Ræstad

Kornet var verdfullt, og når elvane først vart store måtte gardsfolket kaste det dei hadde i hendene og kome seg til kvernhuset. Ei jul vart det særleg mykje vatn i elvane, og kornet måtte malast om det var aldri så mykje helgedag. I ei stove var det juledans, og Myran var spelemann. Kvennkaren der på garden fekk vel så lyst til å danse, og stakk seg unna arbeidet ei lita tid. Men dei mjølete arbeidsklede hadde han ikkje tid å byte. Då han svinga seg på golvet, stod det ei kvit mjølsky rundt han. Myran hadde ein slått klar med ein gong, sa dei, og det var sjølvsgagt *Kvennhusgubben*.

Myran var i sine unge dagar på underoffisersskulen i Trondheim, og der lærte han mange slåttar. Ole Blø trur at Myran lærte også denne slåtten der.

## 16 Bakke-Pedervalsen – etter Peder T. Misund

I Midsund har denne vakre vandreslåtten blitt kalla opp etter spelemannen Bakke-Peder (Peder Trondsen Misund, 1841–1898). Han lærte å spele av Bakke-Johans (Johannes Ellingsen, 1785–1874), som kom frå Bjørlykke i Brattvåg. Bakke-Johans kom til Midsund saman med bror sin for å spele i eit bryllaup. Det enda med at dei begge fann kvar si jordataus, gifta seg og vart buande der ute.

*Bakke-Pedervalsen* og flesteparten av dei andre slåttane etter Ole Blø går høgt oppover felehalsen ein eller fleire gonger. Ole hadde sjølv ikkje noko forklaring kvifor dette var så vanleg i hans repertoar, men det var tydeleg at han syntest det var viktig å spele slåtten slik den opphavleg var. Mange spelemenn juksa og la om toneart for å sleppe dette vanskelege posisjonsspelet, fortalde han. Ole spelte også denne slåtten slik han hadde lært hjå far sin.

## DANCE TUNES AFTER OLE BLØ

This CD collects some of the many dance tunes from fiddler Ole P. Blø's (1920–2010) repertoire. Ole grew up on the farm Blø on Midøya, an island in the municipality of Midsund in the outermost part of Romsdalsfjorden. He grew up in the midst of a highly active fiddlers' scene. *Gamaldans* (Central European dance forms brought to Norway in the mid-19th century, e.g. polka, *reinlender*, waltz, mazurka) was the music at the time, accompanying the locals at dances and weddings and providing entertainment.

When Ole was young, he was strictly forbidden to touch the precious fiddle owned by his father, Peder Olsen Blø (1883–1957). But in 1930, Ole's father was out fishing all through the winter, and little by little ten-year-old Ole stealthily taught himself to play. His grandmother, Ane Marta Pettersdotter Blø (1860–1944), heard the young boy trying to play the fiddle. Although a highly religious woman who considered the fiddle a sinful instrument, she was also musically gifted and couldn't resist correcting his mistakes and helping him learn how to play. When the fishermen came back home in the spring, Ole had taught himself enough to convince his father to let him continue playing. From that day on, Peder was Ole's teacher and musical companion. Later on, Ole came to meet many musicians, and accordionist Jonas Nygård became his regular partner. Together, they made a lot of great music both for dancing and local entertainment.

Today, island communities are often

considered isolated. But in earlier times, most of the main traffic arteries were at sea. Ole could tell of ships coming in to the islands for shelter and remaining there, weather-bound, for weeks on end. The sailors brought with them different cultures and music from other small communities. In the innermost parts of the fjords, this did not happen until much later. Ole also told stories of unrigged ships coming in from Bergen, Stavanger and elsewhere during the latter half of the 19<sup>th</sup> century to harvest the 'silver of the ocean', the herring. They often had fiddlers on board. Local fishermen, too, travelled far and wide to the North and South, bringing home a lot more than just fish. This is how the modern dance forms, the round dance, came to the islands.

Ole worked as a fisherman and farmer, with his fiddle as a life-long companion:

"The fiddle has meant a great deal to me. It kept me company when I was alone. It has happened that I've been at work and a tune has come to me, and I've *had* to play it! I used to sit down just to play, too, but that was when I was younger. Even so, I still have the fiddle close at hand, and I play it sometimes when I want to try out a tune. These old tunes that you've heard sometime in the past keep cropping up.

I'd say the fiddle has meant everything to me. I've never regretted playing. No, really, I'm glad. I love my fiddle! Heh heh! Yes, I do. So it'll accompany me to my grave.'

(From an interview in 2007)



Blø, Midøya.

## THE STORY OF MY MEETING WITH OLE BLØ

This is the story of how I once again came to love the *gamaldans*. The *gamaldans* tunes had been with me since childhood, just like the dance tunes. But as I grew older, I was told that the older material, the *springar* and *halling* tunes, was the most valuable. This was my perspective when I went out to collect tunes for the first time as a young student. Fiddlers that had grown up with just a vague recollection of those older dance tunes were still probed mostly for these, while the *gamaldans* was something that I had to collect just to keep up appearances. To me, the incessant arpeggios signalled a lack of identity; the same melodies were played over and over in different meters and tempos.

It was probably while hunting for a really unique *springdans* that I got hold of a cassette with recordings by fiddler Ole Blø. His few *springar* tunes were a bit idiosyncratic, with changing meters and a quite loose rhythm. Ole himself had never played *springar* tunes at dances, and could only remember the tunes being danced to once.

I didn't immerse myself further in the *springar* recordings by Ole Blø. But on the same cassette was a vast array of *gamaldans* tunes played in a way I had never heard before. Here, the dance rhythm was the

centre of attention. The sound was crisp and breezy, and the fiddler was generous with trills, glissandos and fingering. His performances were so playful that one would think he was a young boy who'd never had a bad day in his life. But in fact, Ole Blø was 63 years old at the time of the recording, and when I met him at 83 in 2003, the playfulness and zest was still there. His fingers bounced and drifted up and down the finger board, though perhaps not exactly the way he wanted them to.

Many of the tunes after Ole Blø stray ever so slightly from what might be considered harmonically logical, or they have an extra bar to break the symmetry. The tunes are technically challenging; for instance, most of them climb the fiddle neck at least once. Ole's sterling performances also provided me with a whole style of playing to aspire to. I had considered the *gamaldans* stagnant, standardised and simple. Ole's music opened up a new world to me – and once again, I fell in love with *gamaldans*.

Along the way I also found a great friend and a huge idol. I hope that some of Ole's trills, glissandos and easy strokes will live on in my music.

JORUN MARIE

Jorun Marie Kvernberg (born 1979) is from Fræna in Romsdal, but lives in Volda. A graduate from the four-year candidate study in traditional music performance at The Norwegian Academy of Music, Jorun Marie is a full-time freelance traditional musician, both as a soloist and member of Majorstuen, Tindra and Unni Boksasp Ensemble.

\*

Øyvind Sandum (born 1982) is from Lalm in Vågå, but lives in Oppdal. Øyvind spent two years studying traditional music at The Ole Bull Academy in Voss. He makes a living as an elementary school teacher, but is also a very active and sought-after musician, as a soloist and member of Nordafjells, Sol i skuggeskog and other groups.

\*

The duo also plays on Jorun Marie Kvernberg's solo debut, *Album*, from 2006 (ta:lik TA33CD).





## Jorun Marie Kvernberg: fele | Øyvind Sandum: trekkspel og toraderar

Spelt inn på Paktarstova, Norddal i Norddal, 8.–12. oktober 2012  
Opptak, miks og mastring: Fridtjof A. Lindeman  
Produsent: Ingrid Stuhaug  
Foto av Kvernberg & Sandum: Marius Beck Dahle  
Grafisk design: Eva Karlsson  
Engelsk omsetjing: Svein Svarverud  
Nynorske språkkonsulentar: Kjellrun Hammes Espe og Øyvind Espe  
Alle arrangement ved Jorun Marie Kvernberg og Øyvind Sandum

### KJELDER:

- Artikkelen *Om spelemenn og spelemannsliv i gamal tid* skriven av Ole P. Blø, *Øyavis* (2001).
- *Midsund – Gard og slekt 1–3* (2001, 2003 og 2006).
- Arkivopptak frå Norsk Folkemusikksamling, Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal, NRK, egne opptak og samtalar med Ole Blø (1983–2008).
- Noteheftet *Romsdalsslåttar etter Andreas Nerbøstrand*, ved Arild Høksnes (1995).
- Tekstheftet til CD-en *Dans på Stabbursloftet* med Romsdal Spelemannslag (2009).
- *Bygdebok for Tresfjord* ved Agnar Skeidsvoll (1959).

### TAKK TIL

Ingrid Stuhaug, Fridtjof A. Lindeman, Øyvind Espe, Kjellrun Hammes Espe, Frode Rolandsgard og taalik, Stiftinga Paktarstova, Ingvild Hansen Nystad, Ingunn Linge Valldal og resten av Norddal-bygda, Marius Beck Dahle, Bjørkedalen kystlag, Volda Bygdetun, Norsk Folkemusikksamling, Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal, NRK, Midsund Slekt- og Historielag, Odd Fremstedal, Ingrid Blø, Arnold og Marit Rakvåg.  
Takk for økonomisk stønad til prosjekt og plateprosjekt frå Fond for utøvende kunstnere, Fond for lyd og bilde, Norsk Kulturråd og Rådet for folkemusikk og folkedans.  
Tusen takk til Ole!